

# Ordensreglement for Mo og Øyrane vidaregåande skule.

## 1. INNLEIING

Alle dei vidaregåande skulane skal ha eit ordensreglement, jf. opplæringslova §9A-10.

Vedteken i hovudutval for opplæring i sak 6/07, i sak 02/09, i sak 4/14 og i sak 22/17.

Ordensreglementet har forskriftsstatus, jf. forvaltningslova § 2.

Rådsorgana ved skulen ( skulemiljøutvalet, elevrådet og arbeidstakarorganisasjonane) skal ha høve til å uttale seg før forskrifta vert vedteken, jf. forvaltningslova § 37.

I tråd med dei nye reglande om eleven sitt skulemiljø, er reglementet endra frå skulestart 2017.

## 2. FORMÅL

- Formålet med reglementet er å bidra til utvikling av godt samarbeid, god trivsel, respekt og medansvar.
- Reglementet skal fremje god orden og gode arbeidsvanar, likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.
- Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom skule og elevar, mellom skule og heim og mellom skule og arbeidsliv.

## 3. VERKEOMRÅDE

- Reglementet gjeld for alle heiltids, deltids og utvekslingselevar som er under opplæring ved skulen.
- Reglementet gjeld òg for elevar i vaksenopplæringa, lærlingskuleelevar, hospitantar og andre når opplæringa går føre seg i skulen sin regi.
- Reglementet gjeld òg ved opplæringsformer og aktivitetar som blir gjevne under skulen sitt ansvar og i regi utanfor skulen sitt område. Dette så langt reglementet ikkje er i strid med lokalt gjevne påbod eller forbod.
- Reglementet gjeld i timane, friminutta på veg til og frå skulen og ved opplæringsformer og aktivitetar i skulen sin regi både på og utanfor skulen sitt område ( til dømes ekskursjonar og studieturar).

## 4. RETTAR

a) Elevane har rett til vidaregåande opplæring i samsvar med opplæringslova, fylkeskommunale vedtak, gjeldande forskrifter og læreplanar.

b) Elevane har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring jf. §9A-2 i Opplæringslova. Ved skulen er det nulltoleranse mot mobbing. Rektor har ansvar for at det vert arbeida kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljø og sikkerheit til elevane jf. Opplæringslova §9A-4. Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skule så langt det fins eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal sørgje for at involverte elevar vert høyrde. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal utarbeide ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

1. Kva problem tiltaka skal løyse?
2. Kva tiltak skulen har planlagt?
3. Når tiltaka skal gjennomførast?
4. Kven er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka?
5. Når tiltak skal evaluerast?

Skulen har eit todelt dokumentasjonsansvar: Skulen skal lage ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Aktivitetsplikta til skulen seier:

1. plikt til å følgje med
2. plikt til å gripe inn i akutte situasjonar
3. plikt til å varsle all mistanke og kjennskap til uønska tilhøve.
4. plikt til å undersøke all mistanke og kjennskap
5. plikt til å setje inn tiltak når eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

c) I samsvar med gruppa og lærarane i gruppa har elevane rett til medverknad ved :

- \* Val av arbeids-, opplærings- og vurderingsformer/metodar.
- \* Val av lærestoff innanfor rammene av læreplanane.
- \* Utarbeiding av mål og periodeplanar, og gjennomføring av desse.
- \* Utarbeiding av reglar for godt arbeids- og læringsmiljø i klassen.

d) Elevane har rett til å få kontinuerleg framovermelding og rettleiing undervegs i høve dei måla den enkelte arbeider etter. Det skal gjennomførast elevsamtaler/fagsamtaler i samsvar med gjeldande forskrift. Det vil sei førebudde samtaler mellom elev og kontaktlærer/faglærer.

e) Ved faglege, personlege eller sosiale vanskar som har innverknad på opplæringa, har elevane rett til rådgjeving, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette. Dei har vidare krav på tilgang til sosial- og spesialpedagogisk teneste.

f) Elevane har rett til rådgjeving om utdanning og yrkesval.

g) Elevane har rett til å ta del i skulevurdering. Det vil seie ei kontinuerleg vurdering av i kva grad skulen si organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidreg til å nå dei måla som er fastsette for elevane/gruppa, jf. mellom anna dei generelle og fagspesifikke delane av læreplanane.

h) Elevane har rett til og bør ta opp med skulen tilhøve som ikkje fungerer, som t. d.:

- \* At læreplanane ikkje blir følgde
- \* At eleven ikkje får den hjelpa han/ho ber om.
- \* Manglar ved det utstyret som blir nytta i undervisninga.
- \* Manglande medverknad i planlegginga m.v. jf. punkt b og d.
- \* Dårleg læringsmiljø eller klassemiljø (t.d. mobbing)

i) Elevane har rett og plikt til å opprette Elevråd; jf. § 11-6 i Opplæringslova.

Elevråd og elevorganisasjonar har løyve til å bruke bestemte oppslagstavler til sine føremål. Brukarane har ansvar for at etiske retningslinjer blir utarbeidde og følgde for denne

---

verksemda. Dei har ansvaret for at det blir rydda og at det blir hald god orden på desse tavlene.

Rektor har det overordna ansvaret for at desse oppslagstavlene ikkje blir nytta til kommersiell bruk eller blir brukt på ein uakseptabel måte i høve lover og reglar.

Elevar og elevorganisasjonar kan etter avtale med skuleleiinga, drive politisk og organisasjonsmessig arbeid på skulen, i og utanom skuletida.

Skulen skal leggje til rette for best mogeleg arbeidstilhøve for elevane og elevorganisasjonane sine tillitsvalde.

Skulen skal òg leggje tilhøva til rette for at elevane blir engasjerte til medvit og aktivitet i politiske og samfunnsmessige spørsmål.

Elevrådsrepresentantar har rett til regelmessig møte med skuleleiinga.

## **5. PLIKTER**

a) Elevane pliktar å rette seg etter dei reglar i lov, forskrift og reglement som til ei kvar tid gjeld. Elevane er pliktige til å møte presis til opplæringa. Elevane skal møte skulen sine tilsette og medelevar med omsyn og respekt.

b) Elevane pliktar å ta aktivt del i opplæringa i den forma den blir gjeven eller avtalt. Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter manglar, jf. forskrift.. §3-3, 3. ledd

c) Elevane skal snarast mogeleg ta kontakt med faglærer dersom han/ho ikkje kan følgje opp arbeid til avtalt tid.

d) Elevane skal følgje gjeldande verne- og sikringsreglar i undervisninga, og bruke det arbeidstøyet og verneutstyret som vert kravd i læreplanar eller som er påbode av Arbeidstilsynet, departementet eller skulen. I denne samanheng er praksis, demonstrasjonar, utferder, øvingar m.v. å sjå på som undervisning. Når undervisninga krev det, skal eleven nytte arbeidstøy som høver til undervisninga og vêrtilhøva.

e) Elevane har plikt til å skaffe seg nødvendige/pålagde læremiddel, materiell og utstyr etter læreplanmåla. Pålagt materiell og utstyr eller betaling for dette må ikkje vere i strid med forskrifter frå departementet og vedtak i fylkeskommunale organ.

f) Skulen sin eigedom og utstyr skal vernast om og brukast med varsemd og omtanke. Skjer det skade på bygningar, inventar og utstyr eller på skulen sin eigedom elles, må det straks meldast til skulen. Hærverk og skade kan medføre erstatningsansvar, jf. skadeerstatningslova.

g) Elevar som gjennom arbeidet sitt, oppdrag eller verv i samband med vidaregåande opplæring, blir kjende med opplysningar som er underlagt teieplikt, har teieplikt etter reglane i § 13 i Forvaltningslova. Dette må ikkje vere til hinder for å varsle om kritikkverdige og ulovlege tilhøve. Teieplikta gjeld og etter at eleven har avslutta vidaregåande opplæring, jf. forvaltningslova §13-c.

## 6. ORDEN

a) Elevane må, som dei andre på skulen, oppføre seg slik at samarbeid og trivsel vert fremja og slik at det er god orden på skulen. Eit godt arbeids- og læringsmiljø er grunnleggjande for god opplæring. Det skal difor leggjast vekt på å skape eit godt miljø i vidaregåande opplæring prega av engasjement, aktiv deltaking og gode samarbeidsformer og orden. Det er viktig å vise respekt, leggje til rette for medansvar og unngå eller hindre åtferd som har negativ innverknad på miljøet.

b) Alle må opptre omsynsfullt, realt og høfleg overfor kvarandre. Plaging, mobbing, vald eller anna krenkjande åtferd vert ikkje akseptert, og alle pliktar å hindre at dette skjer. Jfr. eigne retningslinjer med fokus på trivsel og sosialisering.

c) Arbeidsvanane i den vidaregåande skulen skal vere prega av ansvar og orden, og det å vere ryddig, punktleg og pålitelege i alt arbeid.

d) Det er viktig for trivselen at det vert halde orden over heile skulen; ute og inne. Alle skal opptre slik at krav til hygiene og helse vert ivareteke. Som hovudregel skal det ikkje nyttast mat og drikke i timane, med unntak av vatn.

e) Parkering skal finne stad på tilvist parkeringsplass.

### Ordenskarakter

Grunnlaget ved vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna at eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr jf. forskrift §3-5, 2. ledd

Vurdering i orden handlar om samanhengen mellom opplæring og gjennomføringa av den. T.d. manglande innlevering og å komme for seint til undervisninga.

Ved fastsetjing av karakter i orden tek ein m.a. omsyn til om eleven viser vanleg god arbeidsinnsats og til korleis eleven følgjer skulereglementet og andre ordensreglar fastsette for grupper, klasserom og verkstader. Jf. Vedlegg for ordenskarakterar

## 7. ÅTFERD

Grunnlaget ved vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg på skuleområdet overfor medelever, lærarar og andre tilsette og korleis elevane ter seg mot kvarandre på skulevegen. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre, jf. forskrift § 3-5, 3. ledd.

Vurdering i åtferd handlar om korleis eleven opptrer i samhandling med andre i skulesamfunnet anten det gjeld mobbing, trakassering, sjenerande åtferd, bråk i opplæringa, ikkje rette seg etter kva læraren seier eller ha ei åtferd i strid med god folkeskikk, t.d. skulk og dårleg haldning.

Fusk på prøver skal vurderast som ein del av karakteren i åtferd.

---

Ved fastsetjinga av karakter i åtferd tek ein m.a. omsyn til korleis eleven ter seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvaret for tilsynet med elevane.

## **8. FORBOD / IKKJE AKSEPTERT ÅTFERD / INTERNETTBRUK**

Det er forbode å vere rusa, nyte alkohol eller andre rusmiddel på skulen og i nærleiken av skuleområdet eller i samband med tilskipingar som skulen står føre eller har ansvar for. (Eigedom, hus og hyblar som skulen leiger høyrer òg inn under skulen sitt område i denne samanheng).

Det er forbode å røyke, bruke tobakk, snus eller E-sigarettar (både med og utan nikotin) i skuletida, på skuleområdet eller i skulen sine bygningar og lokale som skulen leiger, heile døgeret, jf. *Lov om endring i Tobakkskadeloven*. For elevar som bur i skulen sitt internat på Mo er røyking berre tillate på tilvist plass mellom kl. 15.30 – 08.00.

Det er ikkje tillate å bruke skulen sitt Internett til å laste ned, lese eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan oppfattast som krenkjande, eller som er i strid med norsk lov. Bilete, video eller lydopptak må ikkje publiserast utan løyve frå vedkommande det gjeld.

Skulen aksepterer ikkje uønskt bruk av mobiltelefon og internett. Elevane skal kjenne til fylkeskommunen sitt **IKT-reglement**.

## **9. FUSK ELLER FORSØK PÅ FUSK**

Følgjande blir rekna som fusk:

- a) Bruk av hjelpemiddel som ikkje er tillate.
- b) Kommunikasjon med andre elevar i ein prøvesituasjon, der dette ikkje er spesielt tillate/avtala på førehand.
- c) Kopiering av andre sitt arbeid som blir innlevert som eige produkt.

Fusk eller forsøk på fusk blir sett på som ei uærleg handling, eit tillitsbrot og eit brot på gjeldande forskrifter og reglement.

Karakteren på den prøven/innleveringa dette gjeld blir annullert. Konsekvensane av dette kan bli at eleven ikkje får termin- eller standpunktarakter. Dersom ein elev blir teken i fusk eller forsøk på fusk i samband med eksamen, skal dette straks meldast til rektor og/eller eksamensansvarleg og behandlast etter reglane i den sentralt gjevne forskrifta.

Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunktarakteren bort (f.§3-37,5.ledd).

Fusk eller forsøk på fusk på eksamen vil få konsekvensar for karakteren i åtferd. Dersom eksamen blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til eksamen i faget som privatist ved fyrte etterfylgjande eksamen.

## **10. EKSKURSJONAR / STUDIETURAR**

Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i skolen sin regi, skal vise omsorg og

respekt for dei andre deltakarane. Tidsrommet mellom avreise og heimkomsten er å sjå på som skuletid, og ordensreglementet gjeld. Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiarar og skal ta del i det oppsette programmet for turen. Elevane skal vise respekt for dei stadane og dei folka dei treff på reise. Brot på ordensreglane ved ekskursjonar/reiser i regi av skolen kan føre til heimsending på eige rekning. Elevane skal kjenne til fylkeskommunen sitt **reglement for studieturar** for dei vidaregåande skulane.

## 11. BROT PÅ ORDENSREGLEMENTET

Berre refsingstiltak som går fram av ordensreglementet kan brukast for elevar som handlar i strid med reglementet.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast, jf. Oppl.l.§9A-10, 3.ledd. Nødrett og nødverje gir ein viss rett for personalet på skulen til å stoppe basketak og slåsting mellom elevar med fysisk makt og til å verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege, jf. straffelova §§ 47 og 48. Det kan ut frå forholda vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevane skader seg sjølv eller andre, eller skader eigedommen til skulen eller eigedommen til andre.

Alle tilsette har dessutan ei særleg plikt til å ha omsorg for elevane på skulen. Personalet har såleis ikkje berre rett, men også plikt til å gripe inn for å hindre at elevar skader / plagar andre / skader seg sjølv eller skuleeigedommen.

## 12. REFSINGSTILTAK

Brot på reglementet vil resultere i reaksjonar mot eleven i form av ulike refsingstiltak eller særskilde tiltak.

Refsingstiltak vil vere:

- a) Påtale frå ein av dei tilsette ved skulen.
- b) Merknad/registrering av uønska åtferd
- c) Bortvising frå klasse/gruppe for resten av timen etter avgjerd teken av faglærar.
- d) Bortvising frå skulen for resten av skuledagen etter avgjerd teken av skuleleiinga.

Ved brot på «kvardagsreglar» skal det vere ein samtale med eleven og evt føresette seinast ved 5 merknader. Ved alvorlege brot på ordensreglementet eller dersom negative tilhøve ikkje blir betre, kan særskilde tiltak setjast i verk.

### **Særskilde tiltak er:**

Bortvising av eleven inntil fem skuledagar etter rektor si avgjerd, jf. opplæringslova § 9A-11. Fylkesdirektøren har mynde til å bortvise for resten av skuleåret i samsvar med §9 A-11 i opplæringslova. Eleven kan visast bort, men mister ikkje retten til vidaregåande opplæring.

I tillegg til ulike refsingstiltak eller særskilde tiltak, kan til dømes følgjande vere ein konsekvens av brot å reglementet:

- \* Avgrensa tilgang til spesielle aktivitetar ved gjentekne eller alvorlege brot på reglar/retningsliner for slike aktivitetar.
  - \* Ved skade og liknande på skulen sin eigedom kan det bli stilt krav om reingjering/istandsetjing eller økonomisk erstatning.
  - \* Dersom ein elev har brote reglementet, vil dette bli teke omsyn til ved fastsetjing av termin- og standpunktarakter i orden og åtferd
-

### **13. SAKSHANDSAMINGSREGLAR**

Eleven skal kunne forklare seg før refsingstiltak blir sett i verk.

Ved særskilde tiltak skal rektor først rådføre seg med eleven sine lærarar. Før særskilde tiltak blir sette i verk skal skulen først vurdere behov for og i kva grad det er mogeleg med alternative tiltak.

Særskilde tiltak blir rekna som enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Eleven har såleis rett til dokumentinnsyn, partsuttale og klage på vedtak om bortvising, jf. forvaltningslova kap. IV-VI. Eleven har krav på rettleiing om partsrettar og framgangsmåte ved klage.

Klageinstans for vedtak om tap av rett til vidaregåande opplæring er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. For vedtaka om bortvising er ei eiga klagenemnd, nedsett av Fylkesutvalet, klageinstans.

Elev som vert vist bort for resten av skuleåret, kjem under Oppfølgingstenesta sitt ansvarsområde.

#### **Klagehandsaming**

Ein klage skal vera skriftleg og grunngjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga over, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak. Klagen skal sendast til den som har gjort vedtaket. Klage over bortvising inntil 5 dagar skal sendast til rektor. Klage over annullering og bortvising frå eksamen skal sendast rektor. Klage over bortvising for resten av skuleåret, eventuelt tap av opplæringsretten, skal sendast direkte til opplæringsdirektøren.

Dersom rektor opprettheld bortvisingsvedtaket og ikkje tek klaga til følgje, skal rektor sende klagen med si utgreiing og grunngjeving for dette vedtaket til opplæringsdirektøren som klageinstans. Dersom rektor opprettheld vedtaket om annullering av eksamen eller bortvising frå eksamen, skal rektor sende klagen vidare til Fylkesmannen

Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet og rektor, eventuelt opplæringsdirektøren si utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.

#### **Klageinstansar**

- Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller føresette melde saka til fylkesmannen etter at saka er teke opp med rektor. Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§9A-4 og 9A-5 er oppfylt.
- Ved vedtak om annullering av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
- Ved vedtak om bortvising av eksamen som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
- Ved vedtak om bortvising for inntil 5 dagar som er fatta av rektor, er opplæringsdirektøren klageinstans.
- Ved vedtak om bortvising for resten av skuleåret som er fatta av opplæringsdirektøren i medhald av delegasjonsfullmakt, er klageinstansen den fylkeskommunale klagenemnda.
- Ved vedtak om tap av opplæringsrett som opplæringsdirektøren har fullmakt til å fatte, er klageinstansen Fylkesmannen.

### **14. SÆRSKILDE TILLEGGSSREGLAR**

---

For spesielle tilhøve som ikkje blir dekkja av reglementet eller felles reglar gjeven av departement eller fylkeskommune, kan Skuleutvalet ved den enkelte skulen vedta egne reglar. For spesielle forhold som ikkje er dekte av ordens og åtferdsreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar. Desse kan ikkje vere i staden for, eller i strid med reglementet.

Dette kan gjelde:

- \* Reglar for kantina \* Internatreglement
- \* Reglar for skolekjøkken og verkstader \* Ordensteneste
- \* Reglar for skuleavisa \* Eventuelle andre spesielle tilhøve

## **15. SAMARBEID MELLOM SKULE OG HEIM / FØRESETTE**

Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsforhold mellom skule og heim. Foreldre/føresette for umyndige elevar har også krav på god informasjon om dei forhold som har noko å seie for i kva grad det er mogeleg for eleven å nå målet med opplæringa. Sjølv om ein må gå ut ifrå at elevane formidlar aktuell informasjon til foreldre/føresette, skal det gjevast samanfattande skriftleg og/eller munnleg informasjon i samband med foreldremøte.

Det skal kallast inn til foreldremøte minst to gonger pr. år for elevar under 18 år på Vg1 og Vg2.

Foreldre/føresette for umyndig elev, har rett til følgjande:

- a) Melding om termin- og standpunktkarakterar.
- b) Varsel med grunngjeving om fare for ikkje vurdering i fag eller / og nedsett karakterar i orden og i åtferd.
- c) Melding om brot på reglementet.
- d) Nærare informasjon dersom ein vesentleg eller spesielt risikofylt del av opplæring/aktivitet skal gå føre seg utanom skulen sitt område.
- e) Partsrettar i samband med saksførebuing, melding og klage ved særskilde tiltak.
- f) Informasjon når eleven får høgt fråvær.
- g) Informasjon om særlege problem i forhold til opplæring/skulegang og behov for spesialundervisning.
- h) Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, i samband med spe.ped.utvalet si tildeling av ressursar.
- i) Informasjon om tilhøve ved skulen/verksemda som kan ha negativ innverknad på helsa.
- j) Informasjon om skulereglementet.

## **16. ORGANISASJONSARBEID OG POLITISK AKTIVITET I SKULETIDA / PÅ SKULANE.**

Etter avtale med rektor kan elev- og ungdomsorganisasjonar, inkludert politisk parti, drive organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulen, i og utanom skuletida. Aktivitetane skal gjennomførast på tilvist plass, og dei skal ikkje gå utover undervisninga.

## **17. INTERNATET.**

Skulen tilviser rom til dei som får høve til å bu på internatet. **Seinare byting av rom skal berre skje etter avtale med vaktmeister. Utflytting av internatet kan berre finne stad**



**etter avtale med rektor når spesielle tilhøve oppstår. Jf. inngått husleigekontrakt som eleven har underskrive for opphald i internatet.** Elevane skal sjølve halde orden på romma. Sjå husordensreglane for internatet, jf. vedlegg.

Personar utanfor skulen, som ikkje er i følge med eller på besøk hos namngjevne elevar, har ikkje tilgjenge til opphaldsrom, internat og elevhyblar utan løyve frå internatvakt/husmor. **Elevar som ynskjer gjester på skulen, må gjere avtale om eventuell overnatting i god tid på førehand med husmor/internatvakt/vaktmeister. Gjestane må rette seg etter skulen sitt ordensreglement.**

---

Vedlegg : **HUSORDENSREGLAR FOR INTERNATET**

### **HUSORDENSREGLAR FOR INTERNATET VED MO OG ØYRANE V.G.SKULE.**

Husordensreglane er oppsett i samsvar med ordensreglementet, og er utarbeidd for at dei som bur i internatet skal få gode arbeidstilhøve og betre trivsel i skulemiljøet.

- Pkt. 1. Det skal veljast eit internatstyre som er samansett av ein elev frå kvar etg., internatleiar, miljøarbeidar og driftsteknikar.
- Pkt. 2. Møblar og anna innbu må ikkje flyttast ut av romma utan godkjend søknad frå internatstyret.
- Pkt. 3. Elevane må ikkje tilverke, nyte eller ha ståande alkoholhaldige drikkevarer eller andre rusande middel på skulen sitt område. Eleven må heller ikkje syna seg rusa på skulen eller på tilskipingar som skulen er ansvarleg for. (Eigedom, hus og hyblar som skulen leiger høyrer òg inn under skulen sitt område i denne samanheng.) jf. Ordensreglementet pkt. 8.
- Pkt. 4. Skotøy, klede, fritidsutstyr og liknande skal plasserast på hybel eller tilvist plass, **ikkje i fellesrom og gangar.**
- Pkt. 5. Mellom kl. 22.30 (24.00 dagar før fridagar) og kl. 07.00 skal det vere ro i internatet. I dette tidsrommet er det ikkje høve til å opphalde seg på andre sine hyblar utan særskild løyve. Det skal og vere stilt på internatet om morgonane på fridagar.
- Pkt. 6. Det er ikkje høve til å ha dyr på internatet. Etter brannføresegnene er det heller ikkje lov til å ha open eld på romma, t.d. stearinlys.

- Pkt. 7. Det er ikkje lovleg å ta med seg matvarer og utstyr frå matsalen eller hovudkjøkkenet utan nærare avtale.
- Pkt. 8. Køyretøy skal parkerast på tilvist parkeringsplass, jfr. Ordensreglementet pkt. 5.d.
- Pkt. 9 Oppheng av teppe, bilete, taping av plakatar og liknande skal skje på tilvist plass og måte.
- Pkt. 10. **Radio, stereoanlegg, platespelar, musikkinstrument og liknande skal nyttast slik at det ikkje uroar andre. Misbruk fører til at vedkommande elev ikkje får ha slikt utstyr på skulen.**
- Pkt. 11. Rutineinspeksjon av elevhyblane skal utførast etter varsel ved oppslag. Dette gjeld òg vaktmeisterfunksjonane når det er naudsynt. Ved sjukdom/mistanke om sjukdom skal vaktperson sjå etter om eleven treng hjelp. Inspeksjon i samband med mistanke om brot på reglementet skal utførast saman med eleven. Ved mistanke om oppbevaring av alkohol eller rusmiddel, kan internatleiar eller nattevakt uvarsla ta stikk kontrollar på eleven sin hybel og i garderobeskåpa i kjellaren. Ved manglande oppmøte til undervisninga har skuleleiinga høve til å undersøkje om eleven er på hybelen.
- Pkt. 12. Eleven skal sjølv syte for dagleg reinhald og orden på rommet sitt. Saman med eleven skal internatleiar eller nattevakt jamleg ha høve til å sjå gjennom elevromma og kunne gje pålegg om rydding og reinhald. Ved utflytting etter avslutta skuleår, skal rommet vere skikkeleg reingjort.
- Pkt. 13. Retningsliner for ordensreglar og bruk av fellesromma på internatet vert utarbeidd av Skuleutvalet, og kvar elev skal, etter oppsette vaktlistar, syte for at fellesromma er ryddige.
- Pkt. 14. Brot på Husordensreglane for internatet fører til:
- Åtvaring
  - Utvising for kortare tid
  - Utvising frå internatet for resten av skuleåret

Rektor i samråd med internatleiareren, avgjer og set i verk tiltak i samband med brot på husordensreglane for internatet.

Rektor si avgjerd kan ankast til fylkesdirektør for opplæring. Anken gjeld berre for utvisning i løpet av skuleåret.

Eleven vert varsla før vedtak om eventuelle reaksjonar ver gjort, for å få høve til å forklare seg for den som skal foreta vedtaket, jf. Opplæringslova §9A-11.

Reglementet gjeld frå 01.08.18